


Etablerer straumnett for framtida

Ny kraftkabel gjennom Høyanger



Kabeltraseen som BKK skal grave i Høyanger dei komande månadane vil gå frå verksområdet på Leira langs riksveg 55 og Daleelva. Traseen vil ende opp ved starten på Nicolai Beer veg på Dale.

BKK skal fram til våren 2020 grave seg gjennom Høyanger for å gje industribygda eit straumnett for framtida.

Stig Hovlandsdal Øvreås

Asgeir Norevik, byggherrerepresentant og prosjektleiar frå BKK Nett, og Gunnar Vigdal, utførande byggeleiar og prosjektkoordinator i Sunnfjord Energi, fortel at arbeidet med den nye kabeltraseen frå Hydro Høyanger til bustadfeltet på Dale vil starte 1. august med skogrydding og skal vere ferdigstilt i april 2020.

– Oppgraderinga av straumnett i Høyanger har vore oppe til diskusjon sidan slutten av 2000-talet då det vart lagt gassrør opp til «Fundobygget» på

Hjetland. I dag er standarden på straumnett i Høyanger ikkje tilfredsstillande for oss i BKK, så no var tida inne for å starte denne oppgraderinga.

Den nye straumkabelen i Høyanger kjem også på plass i samband med ny kraftproduksjon i regionen.

– Nessane kraftverk, som byrjar å levere straum neste år, vil ha ein årsproduksjon på 33,8 GWh. Vi er pliktige til å finne eit godt tilknytningspunkt for denne krafta til sentralnettet, noko som også er ein del av forhistoria til prosjektet.

Kostnaden for oppgraderinga er rekna til 55 millionar kroner og vil vere eit spleiselag mellom BKK, Statnett og Sognekraft/Tinfos. Sistnemnde står bak Nessane kraftverk. Prosjektet omfattar også oppføring av ein ny trafostasjon i Kyrre Greppsgate.

Vil påverke bymiljøet

Med mykje grøftegraving i Høyanger dei komande månadane vil det tidvis skape utfordringar for trafikantar. Norevik og Vigdal håpar innbyggjarane i Høyanger vil ha forståing for arbeidet som skal gjerast,

– Gravearbeidet vil nok kunne gå ut over både biltrafikken og mjuke trafikantar i periodar, til dømes ved stenging av gangveggar ved skule- og fritidsområde.

Oppføringa av den nye trafostasjon i Kyrre Greppsgate vil også skape endring i bymiljøet.

– Vi har hatt ein god prosess med både kommune og grunneigarar, og har funne både ei god plassering i landskapet og eit materialval som vil passe godt inn med omgjevnadane. Den nye stasjonen vil bli ståande åtte meter frå næraste

bustadhus, noko som er tre meter meir enn det som er forskriftskravet.

Moderne straumnett

Norevik og Vigdal fortel at den nye straumkabelen og tilhøyrande anlegg vil halde topp moderne standard, og at ein i planleggingsarbeidet har tatt høgde for framtidas behov, også om det skulle komme nyetableringar av kraftkrevjande næringsaktivitet i tettstaden. Anlegget vil også forenkle driftsoppgåvene knytt til straumnett.

– Dette er framtidas infrastruktur for straum med stor grad av automasjon og fjernstyring. Om det skulle oppstå straumbrot i Høyanger i framtida vil nokre enkle tastetrykk frå senteralt hald vere tilstrekkeleg for å få straumen tilbake. Grepa som no blir gjort vil føre til ei langt sikrare straumforsyning for byanlegget.

Klar til mai

Grunn- og betongarbeidet i prosjektet skal utførast av Allbygg Florø, med Per A. Øren som sentral underleverandør knytt til gravearbeidet. Oppdraget skal vere ferdig i tide til festdagane i mai.

– 1. mai er jo ein viktig dag i Høyanger så det var viktig for oss å komme i mål før denne dato. Da skal det vere ryddig og fint heile vegen langs traseen.



Den nye trafostasjonen i Kyrre Greppsgate vil få ei utforming som passar godt med omgjevnadane.